



KONTROLLUTVALET FOR MODALEN KOMMUNE

MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 15. november 2016
Stad: Formannskapssalen, kommunehuset
Kl.: 09.00 – 11.15
Tilstade: Knut Moe (leiar), Sigmund Vikane (nestleiar) og Trude Langedal (medlem)
Innkalla: Rådmann Øivind Olsnes og assisterande rådmann Oddvin Neset (til sak 32/16)
Revisjon: Reidar Bjørsvik og Randi Rykkje
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall:

.....
25/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

26/16 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå sist møte 29.09.16 vart godkjent.

27/16 Skriv og meldingar

- a. KS vedtak – Plan for forvaltningsrevisjon
- b. KS vedtak – Plan for selskapskontroll

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering. Plan for forvaltningsrevisjon vert tatt opp under sak 34/16 Eventuelt.

28/16 Revisors uavhengighet, Nordhordland Revisjon IKS

Saksvedlegg: «Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet i forhold til Modalen kommune, regnskapsåret 2016», Nordhordland Revisjon IKS

I følgje revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet. Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisors medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som plikter å leggje fram ein skriftlig vurdering for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet gjennomgjekk vurderinga av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengighet i forhold til Modalen kommune.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok uavhengighetserklæringa til orientering.

29/16 Oppfølging av merknader i revisjonsrapport nr. 11 (årsrekneskapen 2015)
Saksvedlegg: Revisjonsrapport nr. 11, Nordhordland Revisjon IKS

I kap. 4. i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det om kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon. I § 8 i forskrifta står det: «Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommune og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidlige saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.»

Rådmann Øivind Olsnes orienterte om oppfølging av merknadar i revisjonsrapporten for årsrekneskapen 2015.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

30/16 Orientering om økonomisk status i høve til budsjett 2016
Saksvedlegg: Tertialrapport nr 2, Formannskapet saksnr. 060/2016

Denne saka vart handsama etter sak 32/16.

Rådmann Øivind Olsnes orienterte om økonomisk status i høve til budsjett 2016 og tertialrapport nr 2 og peika mellom anna på:

- Driftsinntekter og driftsutgifter
- Tenesteområda
- Investeringar
- Finans og likviditet
- Lån og lånerenter

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

31/16 Orientering om status for rekneskapsrevisjon

Revisjonen orienterte om status for rekneskapsrevisjonen for rekneskapsåret 2016. Mellom anna har dei undersøkt Mo skule med fokus på:

- Fakturering

- Innkjøp og e-handel
- Lønn

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

32/16 Orientering om flyktingtenesta

Denne saka vart handsama før sak 29/16.

Assisterande rådmann Oddvin Neset og rådmann Øivind Olsnes orienterte om flyktingtenesta i kommunen og oppfølginga av dei familiare som har komme. Modalen kommune samarbeider med Masfjorden kommune om ein fulltidsstilling på dette området og avtalen har eitt år oppseiing dersom behovet vert endra.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

33/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentarar til møteprotokollane frå politiske utval.

34/16 Eventuelt

A. Oppfølging av KS vedtak 060/2016 Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunestyret handsama plan for forvaltningsrevisjon i sak 060/2016 på sitt møte 10. november 2016. Det ble gjort slikt vedtak i saka:

Kommunestyret - Sak 060/2016:

Det er gjort slikt vedtak i saka:

Kommunestyret ber kontrollutvalet føreta ei ny vurdering av område i framlegget til forvaltningsrevisjon for 2016-2019. Dette på bakgrunn av at Fylkesmannen har varsla nytt tilsyn i 2017 innan Samfunnstryggleik – og beredskapsarbeid til kommunen.

Denne saka vart handsama før sak 33/16.

Kontrollutvalet diskuterte plan for forvaltningsrevisjon og peika særleg på utfordringar i oppvekstsektoren i kommunen. Kontrollutvalet vurderte kommunen sin satsing på

oppvekstsektoren som relevant for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek å følgje opp saka på neste møte i kontrollutvalet. Kontrollutvalet ber revisjonen om å utarbeide vurderingsgrunnlag til eit mogleg forvaltningsrevisjonsprosjekt innan kommunen sine satsingsområder i oppvekstsektoren.

Neste møtet i kontrollutvalet er tysdag 7. februar kl. 09.00.

Modalen, 15.11.2016



Knut Moe/leiar



Tonje Husum Aarland/sekretær